



Sondre Øysteinson Undertun
Falkangervegen 78
5108 HORDVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8654 - 21/68978

Saksbehandlar:
Roba Al Serhan
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:
18.10.2021

Fritak frå kravet om gjødselplan GBNR 193/1 Mundal øvre

Administrativt vedtak: Saknr: 1096/21

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 15.10.2026 for GBNR 193/1 , då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresefnadane for dispensasjon vert endra, må det fremjast ny søknad.

Saka gjeld:

Føretaket Sondre Øysteinson Undertun har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 193/1.

Jordbruksarealet på bruket er på 36,9 daa innmarksbeite, 7,3 daa fulldyrka mark og 14,1 daa overflatedyrka mark. Søkjeren brukar ikkje kunstgjødsel.

Drifta er 28 vinterfora sau. Innefødingsperioden er 4 mnd.

Søkjeren har opplyst at gjødsla vil verte spreidd som tørrgjødsel på bønane som dei slår. Dei legg opp til eit driftsopplegg med utegang i utmark i store delar av året og med tilgang til leskur. Utmarksarealet som vil verte nytta er på kring 1738 mål.

Åreleg tilført næringsstoff p.r daa/år på slåttearealet					Kg Nitrogen	Kg Fosfor	Kg Kalium
Kg	Gjødselslag	Total areal		Kg pr.daa			
16 800	Sauemøk	21,4 daa	slåtteareal	0,8	1,6	1,6	4

Normgjødsling i vårt område p.r daa/år er 22 kg nitrogen, 3 kg fosfor og 10 kg kalum.

VURDERING:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE=0) etter frådrag for beitetid, og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år.

Regelverk

Forskrift om gjødselplanlegging.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: « 21/8654 »

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Roba Al Serhan
Rådgjevar Landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Sondre Øysteinson Undertun

Falkangervegen 78

5108

HORDVIK